



SANDE KOMMUNE  
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00  
postmottak@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

## MØTEPROTOKOLL

Utval: Næring-, teknisk- og miljøutval  
Møtestad: Kantina, Sande Rådhus, Larsnes  
Dato: 30.05.2018  
Tid: 16:00 – 17.35

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Slettevoll	Leiar	H
Janfrid G. Ristesund	Medlem	TVP
Arnljot Muren	Medlem	A
Marion Flatøy Bringsvor	Nestleiar	FRP
Einar Ekroll	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Kjerstin Sande	Medlem	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Knut Nystøyl	Mathias Hogne Gjerde	H
Jørgen Ristesund	Kjerstin Sande	TVP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kjell Martin Vikene	Teknisk sjef

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

**Røysteføre: 7**

## SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 19/18	Skriv og meldingar	
PS 20/18	Delegerte saker	
PS 21/18	Spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL-strategi for Sande kommune 2018-2020	2017/287
PS 22/18	Ny vassforsyning Gursken/Gjerdsvik	2018/536
	Eventuelt	

**PS 19/18**  
**SKRIV OG MELDINGAR**

**Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :**

Møteplan 2. halvår 2018

**VEDTAK:**

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

**PS 20/18**  
**DELEGERTE SAKER**

**Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :**

DS 40/18 Gnr 28 Bnr 1 Arnt Ove Kvitnes Halle - Frådeling av areal til bustadtomter

DS 41/18 Gnr 28 Bnr 38,14 Helge Trond Roppen, Jan Sverre Roppen, Paul Anders Roppen - Frådeling av areal til bustadtomter

DS 42/18 Gnr 63 Bnr 10 - Øystein Baade - inndraging av SMIL-midlar

DS 43/18 Gnr 18 Bnr 3 RPR Eigedom AS. Søknad om løyve til mellombels oppføring av brakkerigg

**VEDTAK:**

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

**PS 21/18**  
**SPEIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET - SMIL-STRATEGI FOR SANDE KOMMUNE 2018-2020**

**Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :**

**Samr. som tilrådinga.**

**TILRÅDING:**

1. Sande kommunestyre vedtek SMIL-strategien for 2018-2020 slik den ligg føre, jf. vedlegg 1.
2. Sande kommunestyre vedtek Strategiplan for NMSK- midlar for 2017 – 2020 slik den ligg føre, jf. vedlegg 2.
3. Vedtaksmynde i saker som gjeld SMIL, drenering og NMSK blir delegert til administrasjonen.

**PS 22/18**  
**NY VASSFORSYNING GURSKEN/GJERDSVIK**

**Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :**

**Samr. som tilrådinga.**

**TILRÅDING:**

Sande kommunestyre vedtek å gjennomføre ei stegvis utbygging av ny vassforsyning for Gursken/Gjerdsvika slik det går fram av søknad til Mattilsynet datert 25.01.2018 og elles godkjenning frå Mattilsynet 20 feb 2018.

Kostnaden med utbygginga (etappe 1) på ca kr 5 820 000,- jfr vedlagt kostnadsoverslag vert å finansiere over prosjektnummer 61 409 Vassplanen.

Tidlegare Kst sak 2017/296 Oppgradering av Gjerdsvika VBA vert dermed ikkje å gjennomføre.

Teknisk sektor får tilført ein stillingsressurs på 100 % stilling i utbyggingsperioden på 3 år  
Kostnaden med stillingsressursen vert å finansiere over investeringa – prosjektnummer 61 409 vassplanen.

Det skal gjennomførast tvungen tilkobling til kommunale vassverk der den kommunale infrastrukturen ligg til rette for slike tilkoblingar. Dette for å unngå auke og moglege reduksjon i vassgebyret slik det går fram av oppsettet i sakutgreiinga

Endeleg val av framtidig vasskilde fir Gursken/Gjerdsvika vert å arbeide vidare med slik det går fram av søknad til Mattilsynet datert 25.01.2018

**Protokolltilførsel frå Arnljot Muren, Ap:**

Konsulentfirma Asplan Viak skal på kommunestyremøtet orientere om utarbeidd grunnlag for ny vassforsyning Gursken/Gjerdsvik.

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart Jørgen Ristesund og Einar Ekroll valde.

Møtet slutt kl 17.35

Jørgen Ristesund

Ivar Slettevoll

Einar Ekroll

Kjell Martin Vikene  
referent

Rett utskrift  
ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 31. mai 2018

Tove Cathrine Kvamme  
Politisk sekretær